

Referat frå instituttrådsmøte

Institutt for framandspråk
Universitetet i Bergen

Møtetid: onsdag 14. desember 2022 kl. 12.15

Stad: HF-bygget

Til stades:

Frå gruppe A: Kjetil Berg Henjum, Shouhui Zhao, Lene M. Johannessen, Ingunn Lunde, Kari Soriano Salkjelsvik og Martin Paulsen.

Frå gruppe B: Emil Julien Stautland Perron.

Frå gruppe C: Anne Hestnes.

Frå gruppe D: Sara Karoline Mørland.

Administrasjonssjef Arve Kjell Uthaug møtte som sekretær.

Sak 1 – godkjenning av innkalling og sakliste

Godkjende utan merknader.

Sak 2 – godkjenning av referat frå møtet 2. november

Godkjent utan merknader.

Sak 3 – orienteringssaker

a. Kort evaluering av allmøte og dialogsamlinga med fakultetsleiinga (2. desember 2022). Fakultetsleiinga gav i allmøtet ein god og grundig presentasjon av situasjonen, og dialogmøtet etterpå gav eit viktig innblikk i situasjonen på faga. Men kan henda vart det to informasjonsmøtet og litt lite reell dialog. Soriano syntest presentasjonane frå dei ulike fagkoordinatorane var svært lærerike, og meinte det kunne vera ein god idé med årlege møte ved instituttet der dei ulike fagkoordinatorane presenterte stoda på faga sine.

b. Økonomi, rekneskap og budsjett 2022/2023. Instituttleiar minna om dei dei store linjene i økonomien ved UiB og fakultetet, der pensjonskutt og høge straumprisar gjer situasjonen vanskeleg. Politikken for norsk høgare utdanning er òg blitt endra, og det er tydeleg at det er eit politisk ønske om kutt i sektoren i ein situasjon med overoppheta økonomi. Ved HF har vi dessutan utfordringar med både studenttilstrøyming og studiegjennomføring, og det reduserer inntektene våre. Uthaug minna om at instituttet ser ut til å gå ut av rekneskapsåret 2022 med eit underskot på fleire hundretusen i driftsbudsjettet. På kort sikt, dvs. eit par år framover i tid, ser det ut til at gevinstar frå ferdig gjennomførte prosjekt vil hjelpa oss å takla utfordringane på driftsbudsjettet. Men for å takla utfordringane framover må instituttet halda ned utgiftene til vikarar og andre mellombels tilsette. Budsjett og rekneskap for instituttet blir lagt fram på instituttrådsmøtet i slutten av januar.

c. Toarstillingar. Instituttleiinga har lagt fram eit notat om bruken av attåtstillingar (bistillingar) framover. Soriano hadde sterke innvendingar mot at fakultetet ikkje vil vidareføra toarstillinga på latinamerikansk litteratur og fekk støtte frå Berg Henjum. Instituttleiar peikte på at instituttet kan prøva å synleggjera konsekvensane av kuttet i undervisningsressursar på litteraturdisiplinen av faget.

d. Utlysing på engelsk. Fakultetsstyret har vedteke at IF får lysa ut ei stilling på engelsk (lingvistikkstilling, med inkludert fagdidaktikk).

e. Reakkreditering av studieprogram. Fakultetet har vurdert ulike studieprogram og fakultetsstyret har gjort vedtak om reakkreditering. Ved IF fekk master- og bachelorprogrammet på russisk ny godkjenning, masterprogrammet i italiensk fekk godkjenning under sterk tvil, bachelorprogrammet i italiensk vart godkjent under tvil, medan bachelorprogrammet i arabisk ikkje vart reakkreditert. Instituttet har allereie sett i gang ein redesign-prosess for arabiskfaget. Vi veit ikkje per i dag om vi får lov å ta opp nye studentar på arabisk hausten 2023. I instituttrådsmøtet vart det peikt på at det burde vore lagt inn ein dialog mellom fakultetet og instituttet mellom rapporten frå fagmiljøet og rapporten frå studiekvalitetskomiteen. Berg Henjum peikte på at studiekvalitetsrapporten er sjangermessig problematisk og at den neste rapporten bør ha med ei klargjering av mandatte/oppdraget og opplysningar om kven som har sete i komiteen. Fakultetet har varsla at dei vil gå i dialog med fagmiljøa på arabisk og italiensk om konsekvensane av vedtaket i fakultetsstyret.

f. Forskargruppesatsinga ved fakultetet. IF har sendt inn seks søknader til forskargruppesatsinga ved fakultetet. Det blir neppe gitt støtte til meir enn tre forskargrupper totalt ved heile fakultetet, og vi reknar med svar på søknadene tidleg i februar. IF vil drøfta vidare kva vi kan gjera for forskargruppene våre lokalt ved instituttet, og instituttleiar varsla at dette vil koma opp igjen som ei sak i 2023.

g. Bemanningsplanen for vitenskaplege stillingar ved fakultetet. Denne planen skal vedtakast 23. mars 2023. Før det kjem saka opp på fakultetsleiarkonferansen til våren, og på marsmøtet i instituttrådet.

h. Møteplan. Instituttmøta våren 2023 blir 25.1, 8.3 og 31.5 (den siste dato er førebels litt uviss).

Sak 4 – strategi

Instituttleiar orienterte om teamet forskning i neste strategiperiode. Eit overordna spørsmål her er: Kva ønskjer vi å satsa på?

Det kan henda instituttet får lysa ut stipendiatstillingar tidleg i 2023, og Paulsen tenkte i så fall å følgja opp det instituttrådet har sagt om å prioritera forskargruppene. Lunde peikte på at forskningsetikk bør med i strategien, og det bør leggjast vekt på å byggja gode forskingsmiljø og ein god publiseringskultur. Soriano ønskte òg eit fokus på å støtta nye forskingsgrupper ved instituttet. Johannessen ønskte eit minimum av stabil finansiering til forskargruppene. Det vart òg peikt på at gode forskingsmiljø vil gje godt rom for unge kollegar.

Sak 5 – Oppdatering om HMS og HMS-plan for 2023

Instituttleiar orienterte om hms-arbeidet ved instituttet. Av konkrete ting, vart det trekt fram at stipendiatane er blitt inkludert i mottaksrutinane ved instituttet, og dette har fungert godt. Sommar- og julefest er ein del av hms-arbeidet, og instituttet har dessutan planar om å setja i gang med semesterstartsamlingar. Hms-møte vart gjennomført ved instituttet 26. oktober 2022, og det vart gjennomført hms-runde same hausten. Alle ved IF skal få enkel brannvernopplæring på huset. IT-tryggleik vil dessutan bli eit stort og viktig spørsmål i 2023. I gjennomføringa av medarbeidarsamtalar er særleg «utsette» grupper er vorte prioriterte (m.a. stipendiatar), og samtalane er fordelt mellom instituttleiar, forskingskoordinator, undervisningskoordinator og administrasjonssjef. IF hadde i 2022 medarbeidarsamtalar med 60 prosent av dei ein skulle gje tilbod til. Arbeidet med medarbeidarsamtalar blir følgd opp vidare i første halvår i 2023. Perron spurde om instituttet ikkje burde prioritera å ha

medarbeidersamtalar òg med andre mellombels tilsette enn stipendiatane. Instituttleiar svarte at det her har vorte gjort skjønsvurderingar, og at ein del av dei tilsette i den kategorien Perron etterlyser, er vortne kalla inn. Denne gruppa er både stort og svært variert. Perron etterlyste betre informasjon til mellombels tilsette om at dei kan få medarbeidersamtalar. Instituttleiar ville sjå nærare på spørsmålet om medarbeidersamtalar for gruppa av mellombelse som ikkje er i åremålsstillingar.

Martin Paulsen,
instituttleiar

Arve Kjell Uthaug,
administrasjonssjef